

RADØY KOMMUNE

Sakspapir – Del. vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Delegert frå plan, landbruk og teknisk	15.06.2012	151/12	HAS

Sakshandsamar: Hogne Askeland	Arkiv: GBNR- 99/104 Objekt:	Arkivsaknr 12/1143
-------------------------------	-----------------------------------	-----------------------

GNR 99/104 YSTEBØ - SØKNAD OM TILTAK UTAN ANSVARSRETT - PÅBYGG EINEBUSTAD OG GARASJE

Saksdokument:

Nr	T	Dok. dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	22.05.2012	Adam Jurewicz	Gnr 99/104 Ystebø - søknad om tiltak utan ansvarsrett - garasje

Adresse: Ystebøreenen 47
Tiltakshavar: Adam Jurewicz
Søknadstype: Søknad om tiltak utan ansvarsrett

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Søknaden gjeld oppføring av tilbygg og garasje på eigedom 99/104 Ystebø. Det er opplyst i søknaden at garasjen har eit areal på omlag 49 m² BRA. Tilbygget til einebustaden har eit areal på 24 m² BRA.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader i samband med nabovarslinga.

Nabofråsegn

Det ligg føre nabofråsegn frå eigar av naboeigedom 99/13 og eigar av 99/105 vedkommande redusert avstand til nabogrense i samsvar med pbl. §2-4.

Planstatus

Eigedommen ligg i eit uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy 2011-2023 er definert som område for spreidd busetnad (LNF-SB). Tiltaket er etter kommunen sin vurdering i tråd med planen.

Avkøyrslø

Det er opplyst at tiltaket ikkje gir ny eller endra tilkomst.

Vatn og avlaup

Tiltaket medfører inga endring knytt til vatn og avlaup.

Situasjonsplan og terrengprofilar

Tiltaket er teikna inn på situasjonsplan i målestokk 1:500. Det er ikkje målsett avstand til nabobygg. Med bakgrunn i omsøkt plassering av tilbygget, vert situasjonsplanen vurdert som tilstrekkeleg og det vert ikkje sett krav til terrengprofilar for eksisterande og planlagt planert terreng.

Teikningar

Det ligg føre planteikning, snitteikning, samt fasadeteikningar. Teikningane er delvis målsette, og vert godkjende slik dei ligg føre.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønne innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglement i Radøy kommune, og gebyrregulativ vedtatt i kommunestyret den 15.12.2011, vert det godkjent oppføring av tilbygg og garasje som omsøkt i medhald av plan- og bygningslova
§ 20-2, (Tiltak som krev søknad og tillatelse)
§ 29-2, (Visuelle kvalitetar)
§ 29-4, (Byggverkets plassering, høye og avstand frå nabogrense) på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast slik som vist i søknaden.
2. Det vert forutsett at byggverket vert oppført i tråd med kommuneplanen sine føresegner.
3. Det vert å betale følgjande gebyr for handsaminga av Dykkar søknad:

Plan og forvaltning (byggesak):

11.2.5 Basisgebyr **kr. 5.000,-**

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato, jf. gebyrregulativet.

Byggverket si plassering på tomte skal kunne dokumenterast, og slik dokumentasjon skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket. Slik dokumentasjon skal sendast inn saman med førespurnad om ferdigattest eller mellombels bruksløyve. Ved evt. avvik skal det søkjast om endring av løyve.

Når arbeida vert å sjå på som ferdige, skal ansvarleg søkjar skriftleg rapportere dette til kommunen, jf. plan- og bygningslovas § 21-10, og oppdatert gjennomføringsplan skal leggjast fram. Gjenstår noko av arbeida skal dette vere angitt. Det kan bli aktuelt at kommunen gjer ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Ved handsaminga av denne saka har kommunen teke omsyn til den sivile beredskap og samfunnstryggleik.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Dersom byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1

Alt arbeid skal følgje plan- og bygningslova, forskrifter og andre føresegner. Dersom innsendte planar er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre planane.

Sjå vedlagde orientering om klagerett.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: **12/1143**

Tonje Nepstad Epland
Leiar plan, næring og teknisk/Juridisk rådgjevar

Hogne Askeland
Prosjektkoordinator

Kopi til:

Adam Jurewicz

Ystebøreenen 47

5939

SLETTA